

NOFI101 Norrønt språk

Kurs ved **Odd Einar Haugen** og **Nina Stensaker**, vårsemesteret 2019
LLE, Universitetet i Bergen

Versjon 1.0 (23. november 2018)

Kurset gir ei elementær innføring i norrønt språk gjennom grammatikkundervisning og lesing av normaliserte norrøne prosatekstar. Gjennom heile kurset vil grammatikkundervisninga bli kombinert med tekstlesing. Til å byrje med vil fonologi (lydlære) og morfologi (formlære) stå i fokus, etter kvart også syntaks (setningslære). Det vil bli lagt vekt på det praktiske arbeidet med omsetjing – korleis ein skal bruke ordbok og grammatikk som hjelpemiddel i tekstforståinga.

Pensum

Dei som skal følgje kurset, må skaffe seg ein norrøn grammatikk, ei norrøn ordbok og ei norrøn tekstsamling. Studentane kan sjølv velje desse læremidla i samråd med faglærarar, men på kurset vil desse bli brukte:

Odd Einar Haugen, *Grunnbok i norrønt språk* (4. utg. 2001)

Leiv Heggstad, Finn Hødnebø og Erik Simensen, *Norrøn ordbok* (5. utg. 2008 el. 2012)

Odd Einar Haugen, utg., *Norrøne tekster i utval* (1994)

Grunnbok i norrønt språk og 30 sider frå *Norrøne tekster i utval* (utdrag av *Óláfs saga ins helga*, *Gylfaginning*, *Tveggja elskanda ljóð*) dannar eit kjernepensum. Desse sidene vil bli gjennomgått på kurset så langt tida strekker til.

Krav til deltakarane på kurset

- 1) Obligatorisk oppmøte på minst 75 % av forelesningane og kollokvia sett under eitt.
- 2) Studentane må halde ein kort presentasjon (10–15 minuttar) av eit fagleg tema på kurset. Temaet blir avtalt med faglærarar, som også godkjener presentasjonen.
- 3) Dersom studenten i samråd med faglærar legg opp eit anna pensum enn standardpensumet i emnet, må han levere og få godkjent pensumlista innan kunngjord frist.

Dei obligatoriske krava er gyldige i undervisningssemestret og det påfølgjande semestret.

Vurderingsformer

Ein skriftleg skuleeksamen på seks timer.

Studenten kan skrive på norsk, dansk, svensk, engelsk eller tysk.

Det er høve til å bruke norrøn ordbok og norrøn grammatikk under eksamen. Studenten må sjølv ta med ordbok og grammatikk.

Utanlandske studentar kan dessutan bruke ordbok frå sitt eige språk til moderne norsk, og frå moderne norsk til sitt eige språk.

Til eksamen kan det gjevast både kjende tekstar (frå pensum) og ukjende tekstar (utanfor pensum).